

Sveio kommune

Dato: 21.06.2023
Vår ref.: 202358400

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no
poststord@abo-ark.no

Avdeling Os
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 906 61 631

Planinitiativ - Detaljregulering for nytt vasshandsamingsanlegg, Forevatnet

Det er ønske om å utarbeide detaljregulering for eit nytt vasshandsamingsanlegg ved Forevatnet, like sørvest for Sveio sentrum. I samband med oppstartsmøtet for planarbeid er dette notatet utarbeida, i samsvar med forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova. Dokumentet skildrar initiativet i høve til krava sett i § 1. I tillegg er krav sett i *Startpakke for reguleringsplanar* innlemma. Planarbeidet vil bli utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS, på vegne av tiltakshavar Sveio kommune v/Drift og anlegg.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Kari Hilde Rommetveit

Bokstav A) Føremål med planen

Sveio kommune ønsker igjen å ta i bruk Forevatnet som drikkevasskjelde, i staden for å få vatn levert i frå Haugesund kommune. Forevatnet er klausulert og vart brukt som drikkevasskjelde i perioden 1967-2010 (ca.). Forevatnet skal normalt forsyne Sveio sentrum og søre del av kommunen, men vassverket skal dimensjonerast for å kunne vera reserveforsyning til heile kommunen, dersom Førde vassverk fell ut. Vassverket skal dimensjonerast for ein framtidig reintvassproduksjon på inntil 59 l/s. Det vart sendt inn søknad om konsesjon for tiltaka til NVE i april 2023, samt sendt inn søknad om utslepp av avløpsvatn frå vasshandsamingsanlegget til Statsforvaltaren i Vestland i mai 2023.

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for eit nytt vasshandsamingsanlegg ved Forevatnet, med tilhøyrande parkering, leidningar i vatn og i bakken, inntak, reguleringsmagasin ved utløpsbekken, samt utbetra tilkomst/avkøyrslle til fv. 47.


Det er etablerte tiltak i området i frå før, der fv. 47 går langs austsida av Forevatnet. Det ligg ein trykk-auke-stasjon like ved vatnet (som tidlegare vart nytta som vasshandsamingsbygg) og ein tilkomstveg fram til denne i frå fv. 47. Det ligg ein fritidsbustad lenger sør. Forevatnet har tidlegare fungert som vasskjelde for Sveio vassverk, og inntaksleidningane frå den gong er der framleis, men er ikkje i drift.

Bokstav B) Planområdet

Planområdet er avgrensa med bakgrunn i eigedomsgrensar, areal til utbetring av tilkomst/avkøyrslle til fv. 47, frisktlinjer, samt behov for fleksibilitet ved plassering og utforming av bygget/ tiltaka. COWI har utforma eit førebels utkast til utforming og plassering av anlegget, men dette vil justerast i seinare fase/detaljprosjektering av anlegget. Ein har òg innlemma trasé for nye pumpe- og vassleidningar fram til planavgrensinga for Bustadfelt Fjellstad - gnr. 40 (PlanID 1973001), samt nytt reguleringsmagasin ved utløpsbekken.

Forslag til planområde omfattar gbnr. 40/5, 7, 70, 71, 86, 87, 202 og 407. Gbnr. 40/86 og 202 er i kommunalt eige, og gbnr. 40/407 er i fylkeskommunalt eige. Resterande eigedomar er i privat eige. Ein tek sikte på å røre minst mogeleg ved private eigedomar. Ein tek òg sikte på å skrenke inn planområdet ved fylkesvegen, og berre regulere utbetra tilkomst med tilhøyrande frisiktlinjer, utan å regulere sjølve fylkesvegen.


Planområdet er vist i skisse under med ønska plangrense. Planområdet utgjør om lag 106,4 daa.




Figur 1 Forslag til plangrense er vist med svart stipla linje.

Bokstav C) Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak

Planframlegget vil legge til rette for å etablere eit nytt vasshandsamingsanlegg med tilhøyrande parkering, samt utbetring av eksisterande avkøyrsløse og tilkomstveg. Det vil òg etablerast nytt reguleringsmagasin ved utløpsbekken, for å ha kontroll på vassstand i Forevatnet. Bekken går i frå før i kulvert under fylkesvegen. I tillegg vil det etablerast vassinntak i Forevatnet, samt leidningsanlegg i bakken og i Forevatnet.



Figur 2 Forslag til plassering av tiltak, i forhold til ein høgaste vass-stand på kote + 28. COWI.




Figur 3 Skisse som syner breiddeutviding av eksisterande avkøyrsløp. COWI.

Bokstav D) Utbyggingsvolum og byggehøgder


COWI har utforma eit førebels utkast til utforming og plassering av anlegget, men dette vil justerast i seinare fasar/detaljprosjektering av anlegget. Skissene syner eit bygg i to etasjar, på til saman 715 m². I tillegg til sjølve prosessdelen og tilhøyrande tekniske rom, er det lagt inn spise-/møterom, kontor, lagerrom, samt eit eige rom til ev. framtidig installasjon av nødstrømsaggregat, som skal oppretthalde vassforsyninga ved straumbrot. Hovudetasjen vert på om lag 600 m². I underetasjen er det synt areal for inntakspumper og reintvasspumper på ca. 115 m². Tilknytt underetasjen er det òg lagt inn eit reintvassmagasin/pumpemagasin for reintvasspumpene.

Reintvassmagasinet får eit areal på ca. 30 m², og med ei vassdjupne på 3 – 4 meter får magasinet eit effektivt volum på 90 – 120 m³.

Skissene syner ei plassering av bygget på ca. kote +30, om lag på same nivå som tilkomstvegen. Byggjehøgda vert om lag 8,0 meter, som vil gi maksimal byggjehøgde på om lag kote +38.



Figur 4 Skisse med høgdeforhold for landtaksgrøft og underetasje. COWI.




Figur 5 Førebels utforming, fasadar. COWI.

Bokstav E) Funksjonell og miljømessig kvalitet

Planen vil legge til rette for etablering av eit oppgradert vasshandsamingsanlegg som vil tilfredsstillere drikkevassforsyninga både i forhold til vasskvalitet og leveranse/forsyningssikkerheit for framtida. Ein vil ha fokus på å sikre god miljømessig kvalitet.

Bokstav F) Tiltaket sin verknad på og tilpassing til landskap


Nytt bygg vil plasserast om lag på kote +30, og vera om lag 8 meter høgt. Terrenget bak, ved fylkesvegen, ligg om lag på kote +32, der ei kolle på andre sida av vegen strekk seg mot kote +38. Terrenget lenger aust, og i planområdet, er kupert, som gjer både nær- og fjernverknader av bygget avgrensa.




Figur 6 Planområdet sett i frå vest, der forslag til plassering av anlegget er synt med sirkel. kommunekart.com

Bokstav G) Forholdet til kommuneplan etc.

I gjeldande kommuneplan er planområdet sett av til LNF på land, og friluftsområde i Forevatnet. Det er synt sikringszone nedslagsfelt for drikkevatt (H110_2) i området. Planområdet er ikkje omfatta av reguleringsplan eller gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum. I forslag til rullering av kommunedelplanen er området innlemma i planen, der aktuelt areal er avsett til offentleg eller privat tenesteyting og LNF på land, og friluftsområde i Forevatnet. Det er synt omsynssone friluftsliv, sikringszone for nedslagsfelt drikkevatt, faresone flaum, ras- og skredfare (omsynssone kvikkleire) og raud- og gul støysone langs fylkesvegen. Føresegnene gir at det i område o_BOP11 er etablert kommunalteknisk anlegg, og at området skal brukast til vassverk og tilhøyrande anlegg. Områda kan ha ei maksimal utnyttingsgrad på 70% BYA for bygningsmassen, og 90% BYA inkl. parkeringsareal. Planen vert lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn sommaren 2023.



Figur 7 Utsnitt gjeldande kommuneplan



Figur 8 Utsnitt forslag kommunedelplan Sveio sentrum

Ein er ikkje kjent med nye planar eller andre prosjekt som grensar til planområdet.

Bokstav H) Vesentlege interesser

Vurderingar av verknader av planforslaget vil bli sett opp mot referansesituasjonen; dagens planstatus og at det er etablert tiltak i området. Vi har òg vektlagt arealstatus i kommunedelplan for Sveio sentrum, som vert lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn sommaren 2023. Dette då det er gjennomført konsekvensutgreiing for ønska tiltak i området i samband med rulleringa av kommunedelplanen.

Forslag til utgreiingstema og vurdering av moglege verknadar:

Tema	Moglege verknader
Naturmangfald	<p>Det er ikkje registrert verneområde i området, eller i nærleiken. Det er registrert naturmangfald; kystlynghei av middels, stor og svært stor KU-verdi. Desse kystlyngheiareala er kartlagde etter NiN-metodikken til å vera av svært låg, låg og høg kvalitet. Det er arealet der nye leidningar er planlagde den høgaste verdien er registrert.</p> <p>Det er ikkje registrert naturtypar etter Miljødirektoratets handbok 19 eller 13.</p> <p>Det er registrert grønnfink (sårbar i norsk rødliste), og sitkagran og kanadagås (begge svært høg risiko i framandartslista) i området.</p> <p>Forevatnet er registrert som viktig viltområde med ein truleg lokal funksjon som hekkestad og rasteområde for andefugl. Rasteområde for songsvane vinterstid.</p> <p>Verknad på naturmiljøet skal vurderast, og det skal gjerast vurderingar etter naturmangfaldlova. COWI har utarbeidd ein fagrapport naturmangfald som vil leggjast til grunn. I samband med rapporten vart det registrert ål, aure og røye i Forevatnet. Forevatnet er vurdert som leveområde for artane, medan utløpsbekken er funksjonsområde for aure og ål.</p> <p>Ein må sikre vegetasjonsbelte som motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr, jf. vassressurslova § 11.</p>
Landskap	<p>Landskapet er i all hovudsak registrert som «Småkupert ås- og fjellandskap under skoggrensen» (NiN). Landskapet ligg i Ytre fjordbygder på Vestlandet, med landskapsverdi 3 (vanlig førekomande i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt).</p> <p>Temaet omhandlar estetiske verdiar i landskapet, den visuelle opplevinga av omgjevnadane, og endringar som følgje av tiltaket. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast. Verknader for naboar og nær- og fjernområde skal vurderast i planframlegget.</p>
Nærmiljø, folkehelse, friluftsliv	<p>Det er registrert interesser knytt til friluftsliv i det aktuelle området. Furevatnet/ Isterveit (ID: FK00025885), med områdeverdi viktig. Områdetypen er Særlig kvalitetsområde. Området er beskrive som: <i>Reservedrikkevavn, nedslagsfelt. Tursti frå Fjellstad rundt vatnet.</i></p> <p>Det er ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, barn og unge i området. Barnetråkkregistreringa viser ikkje at dette området er teke i bruk til leik eller fritidsaktivitetar.</p> <p>Sentrale tema vil vera verknad på friluftsliv knytt til både land og vassdrag, samt tilgjenge til attraktive friluftsområde og fritidsfiskeområde skal vurderast i planen. Verknader for naboar og nærområde på land skal vurderast i planen.</p>
Kulturminne Kulturmiljø	<p>Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området, som heller ikkje er omfatta av registreringar i kulturminneplanen. Det er ikkje SEFRAK-registrerte bygningar. Potensiale for nye funn skal avklarast.</p>
Naturressursar	<p>Området er kartlagt etter NiN, som hovudtype Open jordvannsmyr. Det er ikkje registrert dyrka mark eller myr i det aktuelle området. I AR5 er arealet synt med lauvskog</p>

	av høg bonitet. I traséen for nye leidningar er det synt open fastmark (impediment), uproduktiv skog, skog med middels og høg bonitet.
Fiskeri og ferdsel på sjø	Ikkje relevant ettersom planområdet ikkje ligg til sjø. Sjå omtale av laksefisk over.
Samfunnsverknad Sosial infrastruktur	Nytt vasshandsamingsanlegg vil gjere kommunen sjølvforsynt med drikkevatt, som tilfredsstillar dagens regelverk mot. reinsegrad m.v. Dette vil på sikt òg vera meir kostnadseffektivt enn å få vatnet levert i frå Haugesund kommune. Samfunnsverknadar knytt til samfunnsøkonomisk og sosial berekraft av planframlegget skal gjennomførast.

Bokstav I) Samfunnstryggleik, ROS

Det er ingen registrerte skredhendingar, ustabile fjellparti, eller fareområde for kvikkleire i området. Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for skred og flaum, samt raud- og gul støysone langs fylkesvegen.

Det skal gjennomførast ROS-analyse som del av planarbeidet, inkl. vurderingar kring beredskap og ulukkesrisiko. Det er ikkje planlagt nye kartleggingar for å gjennomføre ROS-analysen. COWI har gjennomført ein ROS-analyse som vil leggast til grunn, samt gjort vurderingar knytt til hydrologi, flaum og vasstand.

Bokstav J) Kva offentlege organ og andre interesserte som skal varslast ved oppstart

Dei vanlege instansane som skal varslast i samband med oppstart:

- Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, NVE, Mattilsynet, m.fl.
- Grunneigarar på tilgrensande eigedommar
- Sveio JFNF (Sveio Sveio Jakt Fiske og Naturvernforening)
- Vigdar grunneigarlag
- Velforeiningar – ønskjer innspel frå kommunen om aktuelle lokale lag eller organisasjonar

Bokstav K) Prosessar for samarbeid og medverknad

I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad i plan- og bygningslova. Ein vil som minstekrav halde seg til pbl. sine krav til medverknad, kunngjeringar og høyringar. Ein planlegg òg for eit ope folkemøte i samband med varsel om oppstart, der rørte grunneigarar vert særskilt invitert.

Bokstav L) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl. gir at ein i planinitiativet skal vurdere om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivarettatt. Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuinga av planar og tiltak, og når det vert tatt stilling til om, og på kva vilkår, planar eller tiltak kan gjennomførast.

Tiltaket er ikkje i tråd med gjeldande kommuneplan, men er i tråd med kommunedelplan for Sveio kommune som no vert lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn. Forskrift om konsekvensutgreiing § 4 gir at forslagsstillaren skal vurdere om planen vert omfatta av § 6, § 7 eller § 8;

- § 6; Planar og tiltak som alltid skal ha planprogram eller melding og konsekvensutredning. Vi vurderer at planen ikkje vil omfatte tiltak i vedlegg I, eller følgeleg tiltak i vedlegg I som blir handsama etter andre lover enn pbl. Innleiingsvis har ein her vurdert følgjande punkt i Vedlegg I:
 - 15. a) Dammer og andre anlegg for oppdemming eller varig lagring av vann dersom mengde oppdemmet eller lagret vann overstiger 10 millioner m³ (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 10. g)
 - 24. Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m² (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 11. j).

Ein har gått vekk i frå punkt 15 a) då oppdemt magasinivolum (m³) ved høgaste regulerte vasstand (HRV), dvs. den vassmengda som renn ut dersom dammen vert fjerna, vil vera 280.000 m³ (ved HRV +27,5) og 454.000 m³ (ved Q500 +28,33). Ein har gått vekk i frå punkt 24 då planlagd bygg ikkje vil vera større enn om lag 1.000 m².

- § 7; Planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding. Relevant tiltak i vedlegg II er:

- 10. g) Demninger og anlegg for oppdemming eller varig lagring av vann

Reguleringsmagasinet skal handsamast av NVE etter vassressurslova, og utløyser såleis i utgangspunktet krav om konsekvensutgreiing. Planlagd reguleringsmagasin/dam er tenkt plassert like før kulverten ved utløpet til magasinet. «Dammen» er i konsesjonssøknaden sett som klasse 0. Det er allereie utført flaumberekningar og dambrots-bølgjeutrekningar i samband med konsesjonssøknaden. Utrekningane viser svært små effektar av eit dambrot og skuldast oppstuving frå nedstrøms kulvert og låg damhøgde. Ein ynskjer å diskutere med kommunen om reguleringsmagasinet som det her er snakk om, er av eit slikt omfang at det vert stilt krav om konsekvensutgreiing etter § 7.

- §§ 8 og 10: Relevante tiltak i vedlegg II er:

- 10. j) Vannledningsanlegg over større avstander.

- 11. j) Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål

I tabellen under er vurderingane våre etter kriterium i § 10 sett opp.

Kriterium § 10	Førebels vurdering
<i>Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:</i>	
a) <i>størrelse, planområde og utforming</i>	<p>Førebels er planavgrensinga sett til 106 daa.</p> <p>Planframlegget vil legge til rette for å etablere eit nytt vasshandsamingsanlegg med tilhøyrande parkering, samt utbetring av eksisterande avkøyrsløp og tilkomstveg. Det vil òg etablerast nytt reguleringsmagasin ved utløpsbekken, for å ha kontroll på vasstand i Forevatnet. Bekken går i frå før i kulvert under fylkesvegen. I tillegg vil det etablerast vassinntak i Forevatnet, samt leidningsanlegg i bakken og i Forevatnet.</p> <p><u>Vasshandsamingsanlegget</u></p> <p>Planlagd i nærleiken av eksisterande vasshandsamingsanlegg. Førebelse skisser syner eit bygg i to etasjar, på til saman 715 m². Nytt bygg vil plasserast om lag på kote +30, og vera om lag 8 meter høgt. Terrenget bak, ved fylkesvegen, ligg om lag på kote +32, der ei kolle på andre sida av vegen strekk seg mot kote +38. Terrenget lenger aust, og i planområdet, er kupert, som gjer både nær- og fjernverknader av bygget avgrensa. Tiltaket vil medføre terrengingrep i kystlynghei som er registrert med middels kvalitet (KU-verdi), men kartlagd etter NiN-metodikken til å vera av svært låg kvalitet. Tiltaket medfører også inngrep i kantsone mot vassdrag/gruntvassområde.</p> <p><u>Reguleringsmagasin ved utløpsbekk</u></p>

	<p>Ved utløpsbekken skal det opparbeidast ein dam med høgd på 50 cm over dagens normalvasstand. Dammen vil bli svært lite synleg for omgjevnadene. Tiltaket vil medføre terrenginngrep i kantsone mot vassdrag/ gruntvassområde. Ved etablering av dam skal det gjerast tilpassingar slik at det ikkje oppstår vandringshinder for aure og ål.</p> <p><u>Leidningstraséar:</u> Det skal etablerast vassinntak i Forevatnet med 400 mm inntaksleidning, samt leidningsanlegg i bakken og i Forevatnet. Ein vil få tre leveringslinjer ut frå produksjonsanlegget (mot Ekrene, via Krossleite og via Fjellstad). Aktuell leidningsdimensjon for vassleidning opp til Fjellstad er Ø 250 mm. Denne traséen vil bli om lag 700 m lang. I denne traséen vil det også bli lagd ein pumpeleidning med Ø 90mm. Tiltaket vil medføre terrenginngrep i kystlynghei som er registrert med svært høg kvalitet (KU- verdi), men kartlagd etter NiN-metodikken til å vera av høg kvalitet. Det er allereie utført ei kartlegging av naturmangfaldet i området. Rapporten argumenterer for at kystlyngheia her bør få redusert verdi til <i>middels verdi</i>. Tiltaket vil også føre til inngrep gruntvassområde og kantvegetasjon i tilknytning til landtak.</p> <p>Det skal også etablerast utslepp av konsentratavløp (konsentrert humus) til utsleppsbekken. Dette er søknadspiktig etter forureiningslova og vil bli vurdert i samanheng med søknad om utsleppsløyve.</p> <p>Det vert lagt opp til at leidningstraséar skal revegerast gjennom tilbakeføring av terreng og toppjord.</p> <p><u>Tilkomstveg</u> Eksisterande tilkomstveg til det gamle vasshandsamingsanlegget skal nyttast som tilkomstveg for det nye anlegget. Det skal gjerast mindre tilpassingar og vegutvidingar for å sikre sikker tilkomst til/frå området.</p>
<p><i>b) bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser</i></p>	<p>Det er ikkje registrert dyrka mark eller myr i det aktuelle området. I AR5 er arealet synt med lauvskog av høg bonitet. I traséen for nye leidningar er det synt open fastmark (impediment), uproduktiv skog, skog med middels og høg bonitet.</p> <p>Tiltaka vil medføre arealbeslag i kystlynghei som vist til i pkt. a). Planlagd arealbruk vil vere i tråd med forslag til ny kommunedelplan for Sveio sentrum.</p>
<p><i>c) avfallsproduksjon og utslipp</i></p>	<p>Tiltaket vil ikkje medføre betydeleg avfallsproduksjon eller utslepp. Massehandsaming vil vurderast i planarbeidet.</p>

	Utslepp av konsentratavløp til utsleppsbekken er søknadspliktig etter forureiningslova, og vil bli vurdert i samheng med søknad om utsleppsløyve.
<i>d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer</i>	Det er ikkje venta at tiltaket vil medføre spesiell risiko for alvorlege ulukker eller katastrofar. Det skal gjennomførast ROS-analyse som del av planarbeidet, inkl. vurderingar kring beredskap og ulukkesrisiko. Det er ikkje planlagt nye kartleggingar for å gjennomføre ROS-analysen. COWI har gjennomført ein ROS-analyse som vil leggjast til grunn.
<i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:</i>	
<i>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</i>	Det er ikkje registrert verneområde i området, eller i nærleiken. Det er registrert naturmangfald; kystlynghei av middels, stor og svært stor KU-verdi. Desse kystlyngheiareala er kartlagde etter NiN-metodikken til å vera av svært låg, låg og høg kvalitet. Det er arealet der nye leidningar er planlagde den høgaste verdien er registrert. Kartlegging og tiltaka sin verknad på naturmangfaldet er vurdert i samband med forprosjekt og søknad om konsesjon. Rapporten argumenterer for at kystlyngheia med høgast verdi her bør få redusert verdi til <i>middels verdi</i> . Rapporten gir også forslag til avbøtande tiltak. Rapporten skal leggjast til grunn for planarbeidet. Det er ikkje registrert naturtypar etter Miljødirektoratets handbok 19 eller 13.
<i>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller rein-drift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>	Det er registrert grønnskinn (sårbar i norsk rødliste), og sitkagran og kanadagås (svært høg risiko i framandartslista). Forevatnet er registrert som viktig viltområde med ein truleg lokal funksjon som hekkestad og rasteområde for andefugl. Rastområde for songsvane vinterstid. COWI har utarbeidd ein fagrapport naturmangfald som vil leggjast til grunn i planarbeidet. I samband med rapporten vart det registrert ål (EN), aure og røye i Forevatnet. Forevatnet er vurdert som leveområde for artane, medan utløpsbekken er funksjonsområde for aure og ål. Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området, som heller ikkje er omfatta av registreringar i kulturminneplanen. Det er ikkje SEFRAK-registrerte bygningar. Potensiale for nye funn skal avklarast. Det er registrert interesser knytt til friluftsliv i det aktuelle området, Forevatnet/Istertveit (ID: FK00025885), med områdeverdi <i>viktig</i> . Det er etablert ein tursti frå Fjellstad som går langs den nordaustlege delen av vatnet i dag. I gjeldande KPA er det vist tursti rundt store delar av vatnet, men ikkje ved eller gjennom det aktuelle området. Gjeldande klausulføresegner for nedbørsfeltet avgrensar også aktiviteten i dag. M.a. er fiske berre tillate for

	grunneigarar og ev. andre med fiskerett. Verknad på friluftsliv knytt til både land og vassdrag, samt tilgjenge til attraktive friluftsområde og fritidsfiskeområde skal vurderast i planarbeidet. Vi vurderer difor at planen eller tiltaket ikkje medfører eller kjem i konflikt med område som er særleg viktige for friluftsliv.
<i>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</i>	Planarbeidet er ikkje i strid med statlege-, regionale- eller rikspolitiske retningslinjer.
<i>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet</i>	Området er avsett til LNF på land, og friluftsområde i Forevatnet, men aktuelt område for vasshandsamingsanlegget er avsett til offentlig eller privat tenesteyting i forslag til rullering av kommunedelplan for Sveio sentrum. Vi vurderer difor at det ikkje er snakk om større omdisponering av LNF- område som følgje av tiltaka.
<i>e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet</i>	Ikkje relevant.
<i>f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning</i>	<p>Området ligg innanfor sikringssone nedslagsfelt for drikkevatt (H110_2) i gjeldande KPA. Nedbørfeltet er beskytta mot vesentleg forureinande aktivitet i klausulføresegner frå 1973. Sveio kommune undersøkte i 2019 råvasskvaliteten i Forevatnet, og resultatane skal leggjast til grunn ved val av uttakspunkt. Hovudkonklusjonen er at Forevatnet har ein god råvasskvalitet som er godt eigna for drikkevassproduksjon.</p> <p>Det skal gjennomførast ROS-analyse som del av planarbeidet. Det er ikkje planlagt nye kartleggingar for å gjennomføre ROS-analysen. COWI har gjennomført ein ROS-analyse som vil leggjast til grunn i planarbeidet. Resultatane av ROS-vurderingane viser at råvasskjelda er godt sikra på ei rekkje område, men peikar også på fleire risikoforhold som bør førebyggjast ytterlegare og reduserast til et lågare nivå. Det vart ikkje funne forhold som utgjer høg risiko. I rapporten er det gjeve aktuelle tiltak for alle hendingar med middels risiko, og ut frå ei kost/nytte-vurdering er det også gitt forslag til tiltak for nokre hendingar med låg risiko.</p> <p>COWI har også gjennomført ein mikrobiell barriereanalyse i samband med forprosjektet. Resultat av MBA-analysen viser at planlagt vasshandsaming (membranfilter, UV og reservekloranlegg) vil gje tilstrekkelege hygieniske barrierar for vassverket, forutsett god drift og overvaking.</p>

g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Ikkje relevant.
h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom	Det er ingen registrerte skredhendingar, ustabile fjellparti, eller fareområde for kvikkleire i området. Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for skred og flaum, samt raud- og gul støysone langs fylkesvegen. Områdestabilitet vil utgreiast i planarbeidet. Det skal gjennomførast ROS-analyse som del av planarbeidet. Det er ikkje planlagt nye kartleggingar for å gjennomføre ROS-analysen. COWI har gjennomført ein ROS-analyse som vil leggjast til grunn, samt gjort vurderingar knytt til hydrologi, flaum, vasstand og dambrotbølgeberekningar. Nye bygningar og anlegg skal prosjekterast etter TEK17. Ny bygningsmasse skal plasserast over flaumfare for 200-årsflaum.

Aktuelt punkt i vedlegg II er 10 j) *Vannledningsanlegg over større avstander*. Forskrifta er uklår i forhold til kva dei legg i «større avstander». Vi er difor usikre på om dette punktet er faktisk relevant for dei aktuelle tiltaka. Tiltaket vil medføre terrenginngrep i kystlynghei som er registrert med svært høg kvalitet (KU-verdi), men kartlagd etter NiN-metodikken til å vera av høg kvalitet (Naturbase). COWI har allereie utarbeidd ein fagrappport naturmangfald som skal leggjast til grunn i planarbeidet. I rapporten er det vurdert at kystlyngheia her bør få redusert verdi til *middels verdi*. Vurdering etter § 10 gir difor, etter vår vurdering, at tiltaka ikkje vil medføre vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Det andre aktuelle punktet i vedlegg II er 11 j) *Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål*. Næringsbygget er eit relativt lite bygg, i tråd med tidlegare bruk av området, samt arealføremål i forslag til ny kommunedelplan for Sveio sentrum. I samband med kommunedelplanen er det også gjennomført konsekvensvurdering av tiltaka. Vurdering etter § 10 gir, etter vår vurdering, at tiltaka ikkje vil medføre vesentlege verknader for miljø og samfunn.

På bakgrunn av ovannemnde, vurderer vi at planen ikkje fell inn under konsekvensforskrifta § 8a reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei får vesentlege verknader for miljø og samfunn (vurdering etter § 10), men ikkje ha planprogram eller melding.